

# Rapport frå dugnaden på hytta hjå Telelaget

Skrive 2. Juni 2008

Av Haldor

---

Med fullasta bilar, måling, kostar, spann, stigar, målaraskrâpur og anna naudsynt utstyr, som til dømes mat og drikke, telt, madrassar og soveposar, la me i veges. O milde himmel kor mykje det vart å bera den brattaste vegen opp.

Men opp kom me, og skråpur og kostar vart tekne i bruk alt fyste kvelden.

Oss va; Per, Lena. Aasmund, Inger, Oddvar, Karin og Haldor.

Så grilla me, åt og drakk men Per gjekk ned. Dugeleg morosamt vart det den fine sumarnatta.

Laurdagen kom Per oppatt, og jamvel Heidi og Andreas. No blei det skråpå, pussa, vaska og måla, i eit tempo så høgt at me mest skulle tru me konkurrera om fyrstemannsprisen. Og sanneleg vart ho fin, hytta. Vaska reint inne, og måla og pynta utvendig. Jamvel uthuset fekk ein omgong måling. Og ei ny og dugeleg god trapp laga han Oddvar.

Om kvelden ble me berre 4 att, men Inger, Oddvar, Karin og meg hadde det heilt fantastisk der me grilla og åt og... i den varme, siste mai kvelden. Og det blei seint på natta før me kraup ne i telta før lite søvn.

Sundagen kom Per og Lena opp att. Me pynta hytta ferdig. Godt fornøgde var vi.

Noko fekk me ikkje gjort alt som me ynskje. Her kjem ei liste fritt etter eiga hovud.

Vindauge på sørveggen har rotne. Her må vassbordet skiftast eller reparerast. Vindauge må nok skiftast, fordi karmen har rotna styggeleg.

Vassborda på taket må skiftast.

Ein takstein ho Inger fann som va øydelagt må skiftast.